

**Stadig fleire reisande luftvegen**

02.04.2013

**Talet på reisande over lufthamna på Stord er sterkt aukande. I mars reiste 2.181 personar over Sørstokken. Samanlikna med samme månad i fjor er dette ein auke på 312 reisande eller 16,7%. Dersom ein samanliknar med februar i år så var det 254 fleire reisande, noko som utgjer ein vekst på 13,2%.**

I fyrste kvartal 2013 har det reist 6.020 personar over lufthamna. Samanlikna med samme periode i fjor er dette ein auke på 805 personar eller 15,5%. Grunnen til passasjerveksten er i all hovudsak auka aktivitet på Kværner Stord.

Lufthamnadministrasjonen forventar auke i passasjertala også dei kommande månadane.

Ein jobbar no med å få mest mogleg av den innleigde arbeidskrafta til Kværner Stord til å nytta seg av flytilbodet over Stord lufthamn.

Biletet er av DAT sin ATR-72